

OVERSKRIFT **Snillionen – kva ville du gjort om du vann 24 millionar?**

TITTELEN PÅ BOKA Snillionen
FORFATTAR av Arnfinn Kolerud
FORLAG Cappelen Damm
UTGJEVINGSÅR 2017

BOKA HANDLAR OM Ein heilt vanleg dag vann Frank og Mor i lotto. Mor seier at Frank ikkje får bruke sin del før han vert atten, og sjølv har ho tenkt å halda fram med å leva som før. Frank synest det heile er frustrerande, og det vert ikkje noko betre då Mor ein dag går ut i avisa og seier at ho vil gje bort ein million til ein person i bygda som gjer noko ekstra snilt. Tanken til Mor er at det skal inspirere folk til å gjere gode gjerningar, men ting går ikkje heilt etter planen. For pengar kan få folk til å gjere litt av kvart. Når alle i bygda er etter dei tjuetjue millionane, flyktar Frank og Mor til Syden, men kor lenge kan dei gøyme seg der? Snillionen er ei humoristisk forteljing om kor vanskeleg det er å vere styrtrik, og å vere eit godt menneske.



MI EIGA OPPLEVING AV BOKA Eg likte boka godt fordi ho var spennande og fekk meg til å tenkje over kva folk kan gjere for å få pengar. Men mest var det ei morosam bok som fekk meg til å le. Forfattaren skriv så artig at eg ikkje har lyst til å leggje frå meg boka. Eg var nysgjerrig på korleis det ville ende, og slutten var veldig overraskande.

OPPSUMMERING Snillionen er ei artig bok som eg trur både gutar og jenter vil like å lese. Boka var humoristisk og fekk meg til å tenkje.